

## VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG

### Årsmelding for år 2009.

Årsmøtet for 2008 vart halde i Sørre Hemsing 10.februar 2009.  
9 deltakarar.

#### Val av nytt styre:

Leiar: Ivar Hemsing (tok attval)  
Styremedlem: Ingrid Skavhaug (tok attval)  
" Solveig Vatten Weisser (ny)  
" Inger Sørum (ikkje på val)  
" Nils Leine (ikkje på val)  
Vara: Jan Sparstad (attval)  
Anna Ødegården (attval)  
Revisorar: Arne Belsheim og Boye Thorpe (attval)  
Valnemnd: Leiar: Sigrid Eggen (1 år til)  
Synnøve Kvam (2 år til)  
Mona Bjertnes (ny)

Fordelinga av oppgåva i styret vart som forrige år:

Styremedlem: Nils Leine  
" Solveig Vatten Weisser  
Skrivar: Ingrid Skavhaug  
Kassarar: Inger Sørum

**Medlemstal:** Pr. 31.12.2009 var det 56 namn på lista, ein nedgang på fire frå i fjor. Berre 34 har betalt medlemskontingent for 2009.

**Innkjøp av nytt instrument:** Kjell Bakken fekk tak i ei hardingfele over internett, til kr. 8500,00 og formidla salet. Opphav er ukjend. Knut Oppheimsbakken på museet har pussa og matta fela ned i lakken.

**I laget sitt eige:** Ein langeleik  
Tre hardingfeler.  
Ein kontrabass  
Instrument i Rockeverkstad (ikkje avklåra endå)

**Satsane for utleige av instrument er økt til kr. 350,00 pr. halvår.**

**Styremøte:** Styret har hatt fire styremøte.

**Mønstringskonserten,** på Vang barne- og ungdomsskole, mars 2009:

Valdreskvelven var representert med toraderar, trekkspel og bass, under leiing av Tom Kjetil Tørstad og Monica Litangen også i år. Det vart stor stemning i salen og Ivar nytta høvet til å reklamere for 17.mai-festen som skulle arrangerast i samarbeid med Vang sanglag.

#### Kapleikar:

Både barn og ungdom frå laget deltok på **Valdreskappleiken** som i år vart arrangert i Vestre Slidre. I år klarte vi til og med stille eit lag til Lagdans. Vidare deltok både ungdom og vaksne på **Landskappleiken** (Geilo) og på **Jørn Hilme stemnet**.

#### Strunkeveko:

Det var seks deltakarar frå Vang i år. Våre medlemme (4), vart også i år støtta med kr.600,00 frå laget. Alle fekk kr. 600,00 i stønad frå Vang kommune.

**Årsmøte Valdres folkemusikklag.** Utsendingar var Jan Sparstad og Inger Sørum (vara for Ingrid Skavhaug). Den store saka i år var om Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko skulle skiljast frå den daglege drifta til Valdres folkemusikklag, som eit eige AS. Slik vart det!

#### **Aktivitetar:**

##### **Fele**

Det har vore utruleg mange feleøvingar – også noko i sommar.

##### **Trekkspel / Torader / Kontrabass**

Under leiing av Tom Kjetil Tørstad og Monica Lihagen har dei øving kombinert med at dei spelar til dans, på dansekveldane på Torsheim. Første halvår hadde vi dansekveld både i januar, februar, mars og april. I hausthalvåret vart det berre i oktober og november.

##### **Langeleik:**

Dei unge går i Kulturskulen og har Bjørg Berge som lærar. Dei vaksne har framleis ikkje kome i gang med felles speling.

##### **Dansekveldar:**

Nyter godt av øvinga både til Tørstad / Lihagen og co. og av felegruppa. Kjempegod dansemusikk! Oppmøtet er litt forskjellig, men det er alltid trivelege kveldar. På siste dansekvelden (januar) før årsmøtet for 2009, møtte 14 ungdommar frå VBU! Det var vårt unge styremedlem Solveig som ved hjelp av Face-boock og SMS`er, klarte det. Det var ein interessert gjeng som ville lære både reinlender og springar. Ingrid Skavhaug og Kari Hagaseth stilte som lærarar, frå kl. 18.00 til 19.00, før sjølve dansekvelden starta. Dette vil vi prøve å halde fram med.

##### **Anna:**

**17.mai fest!** Vang sanglag ville arrangere 17.mai-fest på Torsheim, om Valdreskvelven ville stille med dansemusikk. Det ville vi! Det vart så vellukka at det vil vi gjenta også i 2010.

Tre felespelarar: Nils Leine, Jan Sparstad og Astrid Leine spelte i Torgrim Eggen sitt bryllaup i sommar.

**”Lea de”.** Prosjektet ”Bygda dansar” er i Oppland er ferdig med 2.året og har no berre eitt år att. I 2009 var det berre Tora S.Vik frå Valdreskvelven som var med.

Igjen vil vi trekke fram, at i tillegg til dei aktivitetane som er nemnd, deltek medlemma i laget på forskjellige måtar; spelar til underhaldning, held kurs, er dommarar, køyrer, er publikum, organiserar og stiller som vaktar på dei store arrangementa i Valdres folkemusikklag, for å nemne noko. All deltaking er av det gode, så tusen takk til alle.

Sørre Kongslien, 7.mars 2010

---

Ingrid Skavhaug  
Skrivar

---

Ivar Hemsing  
Leiar